

Til Linn Hagen  
Prosjektleder for Hall Ostereidet

### Hall Ostereidet - uttale frå personalet og FAU / SU /SMU

Eg viser til epost frå deg og invitasjon i møte 15.mars til innspel både i høve reguleringsplan for området Ostereidet og innspel til hall.

1. På vegner av ovannemnde grupper har rektor svart på innspel til reguleringsplan. Eg er uviss på om dette er kome gjennom fordi det ikkje let seg gjere å skrive ut innspela. Desse var:
  - Utbetring av veg til hallen på Ostereidet sjølv om vegen frå Leitet - Lindstallen - Skulen er svært uoversiktleg og i miserabel tilstand.
  - Det må vere tilstrekkeleg parkeringsplassar ved hallen.
  - Det må leggest vekt på ein god, varsla og respektfull prosess med grunneigar. Dette er skulen sin nærmaste nabo og det er skadeleg om forholdet til grunneigar vert dårleg fordi offentlege styresmaker ter seg på ein måte som skaper frustrasjon og forbitring.
2. På vegner av ovannemnde grupper viser rektor til innspel/ skriv frå den partssamansette Utearealsgruppa. Mange av ovannemnde grupper sine poeng er tekne med der. I tillegg kan det nemnast:
  - Malen for hall utanfor Knarvik er Lindåshallen. Gruppene meiner derfor at ein hall på Ostereidet i det vesentlege bør vere på nivå med Lindåshallen med naturlege og nødvendige oppdateringar med dei erfaringar ein har med Lindåshallen.
  - Ostereidet treng eit større bibliotek som både kan serve skulane og folk flest. Det er ikkje unaturleg at dette vert lokalisert i hallen - som på Lindås.

Ostereidet, 13.04.18

Arne Riisnes, rektor

